

Preikestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN
NR.4, NOVEMBER 2022. 83. ÅRG.





Preikestolen

Adresse:

Postboks 188
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 28. mars 2023.
Frist for innlevering av
stoff er 24. februar

Redaksjon:

Redaktør Olav Frantzen
Tlf. 977 55 271
olav.frantzen1@lyse.net

Liv Åse Gaard
Yvonne Langeland Meltveit
John N. Nessa
Haldis Karine Nilsen
Siv Fossan
Reidunn Ferstad
Magnus Stokka
Anne Brit Hatleskog

Kyrkja sin kontaktperson:

Liv Åse Gaard
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Preikestolen i
postkassen, kan de ta kontakt
med eitt av kyrkjekontora.
Sjå tlf. nr. s. 26.

Frivillig abonnementspris
pr. år: 250 kr i Hjelmeland,
Strand og Forsand.
Alle utanbygds abonnentar
må betala 250 kr for bladet.

Bankgiro:3205.30.06158
eller Vipps på Preikestolen
kyrkjeblad, eller vipps-
nummer 105004.

Grafisk formgeving:

Marton L Fiskå
post@mfdesign.no

Trykk: Kai Hansen Trykkeri
Opplag: 7400

Framsidedfoto:

Frå Lyngsheia.
Foto: Dagfinn Hatløy

Innhald nr. 4-2022:

Andakt.....	Side 3
Gud kan forandre liv.....	Side 4
Min juesong - Det lyser i stille grender.....	Side 6
Jesus blir fødd.....	Side 7
Kontrastfylt jul for ukrainske flyktningar.....	Side 8
Me må setja pris på alt me har, og gje til dei som treng.....	Side 10
O, jul med din gede.....	Side 11
Misjonsprosjekt i Estland.....	Side 12
Josvagrupper i Forsand kyrkje.....	Side 15
Å sjå det store i det små.....	Side 16
Øve, øve jamnt og trutt og tappert.....	Side 18
Nye tilbud for barn og unge i Tau kirke.....	Side 20
Jørpeland Barnekor.....	Side 21

God jul og takk for meg!

Redaksjonen i Preikestolen ønsker alle lesarane våre ei fin og meningsfull adventstid utan altfor mykje stress, og ei velsigna julehøgtid. Mange av dykk kjem til kyrkja på julaften. Å høyra julebodskapen, delta i julesongen, og å høyra flinke solistar og musikarar er ei fin oppleving. Så ringjer kyrkjeklokkene jula inn og me kan verkeleg komma i julestemning.

I skrivande stund pågår klima-toppmøtet i Egypt. Jorda er i ferd med å bli uleveleg mange stader, og politikarane prøver å finna løysingar. Det er vanskeleg, kanskje umogeleg. Samtidig rasar krigen i Ukraina, og det er krig og ufred også andre stader på vår sårbare planet. Kva skjer med jorda vår og menneskeslekta, som i november 2022 passerte 8 milliardar unike individ, kvar enkelt med uendeleg verdi?

Med dette bakteppet skal me feira jul, minnast Jesusbarnet som kom til jorda, og ha det koseleg og fint, eta god mat og gje gåver til kvarandre. Det er heilt rett å gjera, kvar på vår måte, men det er også rett å tenkja på alle dei som lever under heilt andre livsvilkår ute i den store verda, men også i vårt eige land. Mange av oss kan heilt sikkert senda ei pengegåve i denne adventstida - til organisasjonar som arbeider blant dei som treng kvar hundrelapp som me kan bidra med.

Dette nummeret av Preikestolen blir mitt siste som redaktør. Takk til alle som les bladet og alle som har gitt positive (og nokre negative) tilbakemeldingar. Takk til redaksjonsmedlemene, styret og grafisk formgivar for godt samarbeid gjennom 3 år, og takk til alle som gjennom den frivillige kontingenten og annonser bidrar til at bladet kan komma ut til alle husstandar i Forsand, Strand og Hjelmeland.

God jul og takk for meg!

PS: Det er gudsteneste i fleire av kyrkjene også på 1. juledag.

Olav Frantzen



Foto: Marie von Krogh/Stavanger bispedømme

Advent er tida for å tenna lys og gleda seg over små ting, og for å undra seg over store spørsmål.

Kvifor feirar me Jesu fødsel? Kvifor blei Gud menneske? Det heng tett saman med Gud sin plan om frelse. Hjå salmediktaren er det sagt så enkelt:

«Fra krybben til korset gikk veien for deg, slik åpnet du porten til himlen for meg.»
(Salmeboka nr. 56)

Mysteriet i jula handlar om han som delte våre kår, heilt inn i døden. Me går aldri åleine gjennom ei vanskeleg, forvirrende og urettvis verd. Heller ikkje i førjulstida i 2022.

Me har kyrkjer fordi Jesus lever og kjem til oss i dag. Mange kan sakna eit

språk for trua. Kyrkjerommet tar imot den trua som ikkje blir uttalt, uansett om ho er stor eller lita. Kyrkjerommet er trygt å vera i.

Samtidig har jula ein urovekkjande bodskap. Bodskapen held saman kontraster, for midt i gleda ligg utfordringa. Jesus kjem til oss i dag. Han kjem som flyktning, som uteliggjar, som einsame gamle, som ungar med dårleg råd i eit rikt samfunn, som ungdom med klimaangst. Jesus identifiserer seg med sine minste i dag.

Den lidande og medlidande Kristus er til stades i juleevangeliet. Me høyrer om dei som ikkje fann husrom nokon stad, men måtte gjennomgå ein fødsel mellom dyr i ein stall. Josef og hans Maria måtte skrivast i manntalet for å betala skatt til ein keisar som levde i ubeskriveleg luksus.

I dei fyrste århundra av kyrkjarahistoria var biletet av Jesus som regel ikkje den

«Han vil skapa liv der natt og mørke bur»



lidande. Han var «Christus Victor», han trona på korset som sigerherre over død og synd og djevel. Ytre sett er fødselen fattigsleg, men det stråler eit lys og eit håp frå Jesusbarnet og ut til jordas ender.

Kristus lever, han har seiret; evig lever vi med ham.
Han er her og han vil skape liv der natt og mørke bor.
Kristus lever, vi skal bære Herrens seierstegn på jord.
(Salmeboka nr. 214)

Eg ønsker deg ei velsigna juletid!

Bishop Anne Lise Adney



Gud kan forandre liv

Ilili Said er vikarprest på Forsand nå i høst. Hun og familien flyttet til bygda i sommer, etter å ha bodd noen år på Jæren. At Ilili skulle ende opp som kristen leder i en liten menighet i Norge, var det nok ingen som tenkte på den dagen i 1977 da hun ble født inn i en muslimsk familie i Dembidollo, Etiopia

Tekst: Anne Brit Hatleskog/Ilili Said
Foto: Forsand kyrkjelyd og privat

MUSLIM PÅ KRISTEN SKOLEN

«Utdanning var viktig for foreldrene mine», forteller Ilili, «og selv om jeg kom fra en praktiserende muslimsk

familie, sendte de meg på en kristen skole siden den var kjent for å gi den beste undervisningen. Det var her på denne skolen jeg fikk se hvordan de kristne levde ut troen sin, og det gjorde meg nysgjerrig. Jeg deltok på bibeltimene på skolen og satte av tid til å bli med på andaktene i kapellet sammen med de kristne studentene og ansatte. Mye senere, da jeg begynte å gå i kirken, var det derfor ikke så mye nytt for meg siden jeg hadde lært om kristen tro på skolen.»

EN GAVE SOM FORANDRET ALT

Ilili tenker tilbake på barne- og ungdomstiden og forteller om en gave hun fikk av læreren sin. «En dag mens jeg gikk på ungdomsskolen, kom læreren bort til meg, tok meg litt til siden og rakte meg en bok, en bibel. Hun hadde sett at jeg gikk på andaktene og mente at jeg burde ha min egen bibel. Jeg kunne ikke vise

den til familien, men gjemte den på rommet mitt hjemme og leste om at Jesus er veien, sannheten og livet i hemmelighet når foreldrene mine trodde jeg gjorde lekser.»

Noen få år senere ble Ilili kjent med Eliyas, en ung gutt som var kristen. Hun fortsatte å gå i kirken og fikk der både opplæring i den kristne troen, og et fellesskap blant andre kristne ungdommer. Eliyas ble etter hvert en nær venn, og kort tid etter at hun valgte å døpe seg, giftet de to seg i kirken. De har tre barn sammen og det var midt i småbarnsperioden at Ilili fikk muligheten til å studere på Mekane Yesus- seminaret i Addis Abeba. I 2009 ble hun ordinert til prest på hjemstedet sitt, etter fullførte teologistudier.

Å MØTE MOTGANG

Ilili er åpen om at det ikke var lett å endre livet så totalt som hun gjorde. «Jeg trodde på Gud og Hans løfter, så



” *Vi opplever at Forsandbuen er gode folk, og vi har allerede blitt kjent med mange* ”

jeg var ikke redd. Jeg var trygg på at valget jeg hadde tatt, var riktig. Det var likevel veldig vanskelig å oppleve motstanden fra familie, slektninger eller samfunnet bare fordi jeg hadde blitt kristen. Jeg opplevde mye trusler og sinne fra mange, og når jeg tenker tilbake nå, så ser jeg at jeg gikk gjennom noe av det Paulus beskriver i Apostlenes gjerninger kap 9. Det eneste jeg har gjort er å akseptere Jesus Kristus i mitt hjerte og tro på Ham.

MISJONÆREN FRA FORSAND

Som prest i Mekane Yesus-kirken i Etiopia møtte Ilili jevnlig misjonærer fra Norge, og hun hadde hørt om Bodil Rettedal fra Forsand selv om de ikke bodde på samme sted. Da Ilili dro til Stavanger for å ta mastergrad i teologi, hadde hun med seg Bodils e-postadresse og beskjed fra fra kirkens ledelse om at Bodil var en dame hun burde treffe. «Jeg ble derfor kjent med Forsand og menigheten der allerede

i 2014», sier Ilili. «Bodil inviterte meg hjem til seg flere ganger og jeg ble også kjent med søsteren hennes, Ragnhild. De ble min norske familie, og var begge til stor støtte og hjelp i disse årene, gjennom asylsøknaden og oppholdet mitt på Strand asylmottak, til at jeg fikk gjennomføre mastergraden ved VID vitenskapelige høyskole.»

Ilili forteller også at hun er svært takknemlig for forbønn fra menigheten på Forsand. «Jeg husker godt da Bodil fortalte at menigheten bad for meg og den eldste sønnen vår som satt i fengsel en periode. Det er noe jeg aldri kommer til å glemme».

EN DEL AV GUDS PLAN

Etter en tid fikk hele familien oppholdstillatelse i Norge, og de bor nå sammen på Rettedal. «Det tok meg tid å akseptere alt som skjedde med meg og familien, sier Ilili, «men nå er jeg glad for at jeg følger Guds plan

for meg. Jeg vet at det er dette Han vil at jeg skal gjøre, og jeg er takknemlig for at Han har brukt meg på denne måten». Hun er åpen om at flytting, ny jobb og skole kan være utfordrende, og at det krever tilvenning både for voksne og barn.

«Vi opplever at Forsandbuen er gode folk, og vi har allerede blitt kjent med mange. Folk er veldig koselige og gode mot meg. Vi er glade i dag, du er god imot oss, fikk jeg høre på Forsandheimen etter en andakt. Det er koselig med sånne tilbakemeldinger, og det skaper motivasjon for dagene fremover. Det var aldri i min plan å være prest, men det var Guds plan. Han har en plan for oss alle, og vi må bare følge den», avslutter Ilili.



Det lyser i stille grender



Tekst: Grete Oline Tolås Pettersen

Det er mange fine julesonger, og mange eg er glad i. Ein jule-CD me har høyrte mykje på hos oss, er “Jol i Vinje” med Vinje songlag. Blant songane der er Det lyser i stille grender.

Så må eg verkeleg tenkje og kjenne etter kva som gjer at eg er spesielt glad i denne.

Det er noko med eit barndomsminne heime på Vaksdal; heime hos ein familie som budde rett ved skulen der me gjekk i Meisespeidaren. Me song den songen fleire gonger, og framførte den i kyrkja. Det eg kjenner mest på, er nok den gode stemninga; noko eg er vår for.

Teksten av Jakob Sande fin og innhaldsrik. At den er på nynorsk gjer at den kjem nærare hjartet mitt.

Første verset er nært, her og nå. Det er julaftan og det lyser av tindrane ljøs i bygda mi, Forsand. Julegudstenester med mange forventningsfulle barn og kjensle av varme og lys.

Så er me på Betlehemsmarka, stjerneklart og englesang.

Jesusbarnet er fødd! Evig himmelsong! Jubel kvar julenatt då og i meir enn 2000 år.

Jesus vår ven og forsonar. Grunn til takksemnd og glede midt i alt som livet byr på.

Med ynskje om ei god jul til alle!



*Det lyser i stille grender
av tindrande ljøs i kveld,
og tusene barnehender
mot himmelen ljøsa held.*

*Og glade med song dei helsar
sin broder i himmelhall,
som kom og vart heimstens Frelsar
som barn i ein vesal stall.*

*Der låg han med høyt til pute
og gret på si ringe seng,
men englane song der ute
på Betlehems aude eng.*

*Der song dei for første gongen
ved natt over Davids by
den evige himmelsongen,
som alltid er ung og ny,*

*den songen som atter tonar
med jubel kvar julenatt
om barnet, Guds Son, vår sonar,
som døden for evig batt.*

Norsk salmebok nr. 63.
(Tekst: Jakob Sande, 1931)



Dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda.

2 Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria.

3 Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

4 Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt

5 og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn.

6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda,

7 og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

8 Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta.

9 Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle.

10 Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket:

11 I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.

12 Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»

13 Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

14 «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jordablant menneske Gud har glede i!»

15 Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.»

16 Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba.

17 Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet.

18 Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde.

19 Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det.

20 Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.





Kontrastfylt jul for ukrainske flyktningar



Frå venstre: Svitlana Chernikova, Tetiana Chernikova, Mariia Chernikova, Oksana Khrunyk Davlenko, Natalia Khrunyk Davlenko, Kateiyna Myz og Olena Shpak.

Det blir ei heilt spesiell julehøgtid for dei mange ukrainske flyktningane. Medan dei kjenner på julefred i Ryfylke og Norge, er det krig og uro for familiane i heimlandet.

Tekst og foto: Magnus Stokka

«Det blir ei spesiell jul. Me har det bra i Norge, men tankane og bønene går til Ukraina og familiane våre», seier Mariia Chernikova.

Ho er blant ei gruppe ukrainske kvinner som akkurat har fylt Jørpeland kyrkje med ukrainske juletonar. Dei likar å synga og kle seg opp - og gjer det gjerne for å samla inn pengar til sitt krigsherja heimland. Denne ettermiddagen spelar dei inn tre songar for bladet Preikestolen (skann QR-koden nedst i artikkelen).

«Eg var dirigent for eit kyrkjeor i Ukraina og ønsker å bruka erfaringa mi i Norge. Eg syng også for eit ukrainsk kor i Stavanger og har fått mange venner i Norge.»

Ho flykta frå hovudstaden Kyiv til Norge i april. Først til Sandnes og Sola. Etterpå blei det Jørpeland og Strand. Her bur ho med sine to døtre på 13 og 19 år. Sonen på 22 er student i Polen, medan mannen er dyrlege i det ukrainske militæret. Imponerende nok går størsteparten av intervjuet på norsk. Trass i berre eit halvt år i Norge.

«Eg har kontakt med familien i Ukraina via internett og håpar sjølv sagt det blir ekstra mykje kontakt når det er jul. Men det kjem an på krigen.»

Korleis er ei vanleg jul i Ukraina?

«Me går i kyrkja og syng saman.

Familiane er samla og det er mykje av dei same tradisjonane som i Norge.»

Når Mariia fortel om jul i heimlandet, renn tårane til venninna Olena Shpak. Også ho er frå Kyiv. Huset blei øydelagd i dei grufulle krigshandlingane. Sønene på 12 og 18 år blei med til Jørpeland. Mannen er politi og jobbar med å trygga den ukrainske hovudstaden.

«Min eldste son er fødd natt til 7. januar, dagen me feirar jul i Ukraina. Det gjer at me vanlegvis feirar dobbelt opp, både jul og bursdag. Det gjer den ukrainske juledagen ekstra spesiell.»

Olena synst det er veldig vakkert i Norge. Men det tok tid å kjenna på freden etter å ha opplevd krig på nært hald. 17. mai-salutten på Jørpeland minna ho om bombene ho flykta frå. Lydar frå fly var også ubehagelege i starten.

Men nå kjennar både ho og dei andre ukrainske songvenninnene mest på takksemd til det norske folk som har tatt dei så godt imot. Ikkje minst til strandbuen Lyudmyla Laugaland. Ho kjem opprinneleg frå Ukraina, men har norsk mann og har budd på Jørpeland dei siste elleve åra.

«Eg føler eg må hjelpa til med det eg kan. Olena er ei venninne eg har jobba saman med. Då ho la ut på flukt frå krigen, sa eg: Kom til oss», seier Laugaland.

Nå er det største juleønsket fred i Ukraina for dei om lag 90 ukrainske flyktningane som er busette i Strand.

«Det er vanskeleg å seia noko sikkert om framtida. Eg tar ein dag om gongen», seier Olena.

«Kanskje kan eg ta med familien til Norge når krigen har tatt slutt. Eg veit ikkje,» avsluttar Mariia.



Mariia Chernikova og Olena Shpak



Lyudmyla Laugaland



Dei fleste truande i Ukraina er medlemmer av den ortodokse kyrkja. Det betyr at dei feirar jul den 7. januar. Det er ikkje fordi dei reknar at Jesus blei fødd ein annan dato, men fordi dei framleis brukar den julianske kalenderen. Den har hatt fleire skotår enn den gregorianske og ligg derfor 13 dagar bak.

Me må setja pris på alt me har, og gje til dei som treng



Når eg opplever kontrasten mellom eit Ukraina som står mitt hjarta nært, og korleis me har det her i Ryfylke, er det tid for ettertanke. Vår velstand er udiskutabel, og trass i krisa, synk kjøpekrafta i Noreg berre med 0,7 % i 2022. Me har altså nok å ta av, om me ser vekk frå dei med låge inntekter.

Tekst: Lena Liebich
Illustrasjonsfoto: Pixabay

Dei andre goda våre er det óg på sin plass å minna om i førjulstida;

- Sosial tryggleik
- Offentlege gode av høg kvalitet
- Kriminalitet og korrupsjon er omtrent ikkje tema her i Ryfylke
- Me har reint vatn, flott natur og plass til alle
- Tillit og høvisk framferd kjenne-teiknar det Ryfylke eg har møtt gjennom 13 år
- Og me har fred.

Når me set pris på dei goda me har, kan me gje rom for å tenkja på dei som mangler det meste av det me gler oss over. Også i år kjem den norske julehandelen opp i 100 milliarder kroner. Til samanlikning ligg Den norske stat

sin stønad til Ukraina på 10 milliardar. Det svarer til julehandelen berre i Rogaland.

Kva kan du og eg gjera? Me kan støtta arbeidet som ymse organisasjonar og personar gjer for Ukraina og dei ukrainske flyktningane. Om me slankar gåvedryssset med berre 10 %, og gjev til dei som treng, vil det monna. Og kanskje opna opp våre private dører for dei som lever i einsemd i juletida? Inviterer flyktningar heim ein kveld?



O, jul med din glede

**Er julen en glede?
Eller er det bare blitt til jag
og mas?
Har vi mistet høytiden?
Hva er egentlig høytid?**

Tekst: Yvonne Langeland Meltveit
Illustrasjonsfoto: Pixabay

Julen

Julen oppleves nok veldig forskjellig for folk. Selv om det i utgangspunktet er en kristen høytid, er nok ganske mange mer opptatt av pynt og stæsj enn av selve julebudskapet; Jesu fødsel, Barnet som kom med løfte om fred og frelse. Juleevangeliet forsvinner midt i alt stæsjet og jaget etter den «perfekte julen» Hva nå enn det er?

Jul fra oktober

Hvis man stikker innom sosiale medier i månedene før jul, la oss si fra Halloween er over, så er det jul og julepynt som er på agendaen. Juletreet pyntes gjerne en måned før jul, og det bakes og pyntes i fleng, både ute og inne.

Men Jesus, det lille Jesusbarnet og budskapet Han kom med, blir glemt. Mange mennesker feirer jul uten å ha noen relasjon til Jesus i det hele tatt. Det er tradisjon, kreativ pynt og hygge som blir feiret, ikke Jesu fødsel.

Jesus, vår frelser

Vi som er kristne tror på Jesus, og at Han kom for å gi oss frelse. Engelen forteller gjeterne på marken: «Vær ikke redde, for se, jeg forkynner dere en stor glede som skal bli hele folket til del. I dag er det født dere en Frelser i Davids by. Han er Jesus Kristus, Herren.» (Lukas 2,10) Englene sang: «Ære være Gud i det høyeste, og fred på jorden, Guds velbehag blant menneskene!» (Lukas 2,14)

Fred i dagens verdensbilde

Selv om budskapet om frelse og fred er tydelig i Bibelens Ord, kan man likevel undre seg over fred i dagens verdensbilde. Det er krig i Europa og freden er truet. Mange mennesker lever på flukt og i frykt. Selv vi nordmenn kjenner på frykt innimellom.

Er jorden fremdeles deilig?

Noen tanker melder seg når man synger for eksempel: «Deilig er jorden ...» Plutselig syntes julesangene og deres innhold å slå litt sprekker. Er virkelig jorden deilig nå i dag? Og «O, jul med din glede og barnlige lyst Vi klapper i hendene, vi synger og vi ler, så glad er vi ...» Vi er glade med bismak. Noen i hvert fall. Andre ikke. Noen mennesker kjenner på kroppen den frykten som brer seg grunnet krig, mens andre lever helt upåvirket.

Søk Guds fred

Kanskje det er nå vi virkelig må ta innover oss at Jesus kommer med fred. Jesus gir oss fred. Vi må ta imot den selv når vi frykter. Samme hva frykten er, samme hvilken grunn som er opphavet til frykt, så vil Jesus gi oss fred. En indre fred. Dersom vi søker Ham. Så midt oppi pynt, stæsj, baking, forberedelser og kanskje engstelse, kan vi søke Guds fred gjennom å søke Jesus. Han vil gi oss fred. En fred bare Han kan gi.



Gamlebyen i Tallin med Olavskyrkja som byens høgaste bygg.



Gudsteneste i den gamle kyrkja i Saku (Saku bedehus). Solveig Haugvaldstad frå Tau er tekstlesar. Prest er NMS-misjonær Magne Mølster. Juni 2019.

Misjonsprosjekt i Estland

Frå 2016 har Strand kyrkjelyd har hatt Estland som eitt av sine misjons-prosjekt, gjennom avtale med NMS. Fokus har vore på menighetsplanting. Det norske misjonsselskap (NMS) har arbeid i to slike prosjekt. Det eine er i Mustamäe, ein bydel i hovedstaden Tallinn. Det andre er i Saku, ein tettstad litt lenger sør. Begge stader er det bygd kyrkjer dei siste åra.

Tekst: Bodil Sande Turøy
Foto: Strand kyrkjekontor

Strand kyrkjelyd har hatt 3 turar med ungdomar for å besøka prosjekta, og fekk då sjå både dei gamle bygga dei lånte og dei då ennå uferdige nye bygga. Menigheten i Saku driv blant anna med søndagsskole, babysang, fotballgruppe, gospelkor, ungdoms-arbeid og konfirmant - og bibelgrupper.

Menigheten i Mustamäe har i tillegg ein gjenbruksbutikk, og utgir eige menighetsblad.



Gjenbruksbutikken i Mustamäe

KYRKJENE ER SNART FERDIGE

Verken kyrkjebygget i Saku eller i Mustamäe er heilt ferdige. Bygget i Saku er klart mindre enn i Mustamäe, og i Saku har menigheten allereie bruksløyve til heile første etasje.

Kyrkja i Mustamäe ser allereie fin ut, særleg utvendig, men det er ganske uferdig innandørs. Dei manglar omtrent sju millioner for å få bygnin-gen heilt ferdig. I Saku manglar ein om lag to og ein halv million kroner, viss ein inkluderer kyrkjeklokker, heis for handikappa og digitalt orgel.

Siste nytt er at to personar i Saku har betalt for kyrkjeklokkene, og gjennom ein lokal innsamling har dei nå fått pengar til å få klokkene montert og klar til bruk. Klokkene blei montert i slutten av oktober, og dei manglar nå berre pengar til elektronikken som skal til for at dei kan ringe. Håpet er å kunne ringe inn til jul for første gong!



Kyrkjeklokka i Saku

Med støtte frå norske kyrkjelydar, NMS og lokale folk, og gjennom ein eigen innsamling, får dei stadig meir av bygga ferdig til bruk.

PLUSSMEDIA – ARBEID AV OG FOR UNGDOM

Trusopplæring og alt arbeid blant barn og unge under 18 år, var strengt forbode i sovjettida. Den estiske lutherske kyrkja ønskte difor i si tid hjelp frå NMS for å få i gang barne- og ungdomsarbeid igjen.

I tillegg til arbeidet i kyrkjelydane støttar vi Plussmedia. Dette er eit kristent arbeid av og for ungdom der dei unge sjølv lagar magasin, radio-sendingar, film og innhald til sosiale media. I det siste har dei og laga innslag for TV, Programmet heter “5 pluss”, og kvar månad har dei laga ein episode for den kristne tv-kanalen TV7.

FLYKTNINGAR FRÅ UKRAINA

Våren 2022 kom det mange ukrainske flyktningar til Estland, og kyrkje-lydane førebudde seg på å ta imot mange av desse.

Frå bloggen til Magne Mølster: *Krigen i Ukraina har satt sitt preg på det daglige arbeidet i menigheten de*

” *Trusopplæring og alt arbeid blant barn og unge under 18 år, var strengt forbode i sovjettida. Den estiske lutherske kyrkja ønskte difor i si tid hjelp frå NMS for å få i gang barne- og ungdomsarbeid igjen.* ”

siste månedene. Blant annet har vi nå for tredje gang en innsamling til hjelpesendinger til Ukraina. Lokale innbyggere kommer med tørrvarer, medisinsk utstyr, bleier og annet, som vi sender med våre kontakter til fronten. Noen overfører også penger, slik at innkjøpene kan gjøres i Polen, hvor det er rimeligere priser enn i Estland. I tillegg til de lokale initiativene her





i Saku, har jeg som NMS-misjonær hatt litt å gjøre med NMS sin innsamlingsaksjon til støtte for den estiske lutherske kirkens (EELKs)

nasjonale engasjement for Ukraina og flyktingene derfra. Mange av dere norske har støttet, og det er flott.

FAKTA OM ESTLAND

■ Republikken Estland er det minste og det nordligste landet av de tre republikkene som utgjør Baltikum. Selv om det har vært stor økonomisk vekst de siste 20 årene, lever fortsatt mange i fattigdom. Estland er et av verdens minst religiøse land der tre av fire ikke regner seg som religiøse. Under Sovjetunionens sammenbrudd i 1991 erklærte Estland sin uavhengighet. Innbyggertall: 1,32 mill. Religion: 9,9 % protestanter, 16,2 % ortodokse, 70,8 % ingen eller uspesifisert.

■ Levekår: Rikest av de baltiske statene, men merkbar arbeidsledighet og mange innbyggere som fortsatt er fattige.

■ Styresett: Republikk
Kilde: www.fn.no



På årets konfirmanleir på Sand i august var disse ungdomane frå Pluss media med for å fotografere og filme frå leiren.

Temasamling, ungdomsturen i 2019



Josvagruppe i Forsand kyrkje

Tekst: Hilde Dirdal
Foto: Tor André Giskegjerde



Josvagruppera er endelig i gang. Dette er ei bibelstudiegruppe for ungdommer i ungdomsskolealder og oppover som samles hver 3. mandag ca.

Vi er så heldige at Siri og Tor André Giskegjerde åpner huset sitt og inviterer ungdommene hjem til seg.

På det meste har det vært 14 ungdommer, men antallet kan variere litt. Vi har tro på at en slik gruppe, hvor en kan få stille spørsmål og lære mer om Bibelen, Gud og tro, kan ha stor betydning for å styrke troen og samholdet blant ungdommene.

I høstferien reiste store deler av Josvagruppera på hyttetur til Sirdalen. Dette for å bli enda bedre kjent med hverandre og for å ha litt undervisning. Vi var på en liten tur til Øysteinshedlaren hvor vi fyrte opp bål, grillet pølse og spikket.





«Preikestolen» har spurt om å få eit intervju med avtroppande ordførar i Hjelmeland, Bjørn Laugaland. Bjørn har vore open om at det er alvorleg sjukdom som gjer at han nå har bedt om å få avløyning i den viktige oppgåva som ordførar.

Tekst: Sigrid Sigmundstad
Foto: Tor Inge Jøssang, Aftenbladet

Eg får snakke med han på telefon ein søndag ettermiddag midt i november. Eg har meldt at eg ynskjer å snakka med han om både politikk og kyrkje. Ja, og så må me innom jula litt òg.

Telefonen ringer. «Hei, det er Sigrid her», seier eg. «Bjørn her», seier ein tydeleg og trygg stemme i andre enden. Eg fortel han at eg hugsar at eg var litt spent då eg som fersk prost i Ryfylke bad om å få ein prat med ordføraren i Hjelmeland for første gong. Men eg hadde ikkje veksla mange orda med Bjørn før eg forstod at her kunne eg senke skuldrene først som sist. Eg merka fort at i samtale med Bjørn er det ikkje snakk om høg og låg – verken i politikken eller i kyrkja.


Slik eg hugsar det, fekk me ein god samtale, og det eg hugsar best var at du sa:

«Døra mi står open. Eg er her først og fremst for å lytte til folk.» Det syns eg var kloke ord av ein ordførar. «Ja,» seier Bjørn, «det har eg nok sagt, men det har ikkje alltid vore like lett å fylgje opp i praksis.», og eg høyrer smilet hans gjennom telefonen.

Å sjå det store i det små

” Ta vare på dei
du har rundt deg.
Det er det viktigaste.

”



«Nå har du vore ordføraren vår her i Hjelmeland i mange år. Kva var det som gjorde at du fekk lyst til å gå inn i lokalpolitikken?»

«At eg hamna i politikken var i grunnen heilt tilfeldig», kjem det kontant frå Bjørn. «I oppveksten var eg aktiv i fleire lag. Både i idrettslaget og skyttarlaget. Helst ville eg bli meister på ski, men det blei eg aldri. Eg var og aktiv i Røde Kors. Det var der eg traff den gode kona mi, Aud.»

Bjørn fortel at han vaks opp i ein heim der begge foreldra var aktive i Misjonsselskapet (NMS) på grasrota. Det har nok prega samfunnssynet både til Bjørn og kulturen i Ryfylke generelt.

EIN POLITIKAR MÅ SJÅ DET STORE I DET SMÅ

«I politikken starta eg som listefyll, men hamna likevel i kommunestyret og blei til slutt ordførar. Det var ikkje fordi eg hadde særleg interesse av det, men eg prøvde å gjere det beste ut av det. Eg rekna helst med at det kom til å bli ganske kjedeleg. Så eg tenkte at eg

må prøve å gjere det lystbetont – og så blei det jo kjekt! Rune Gerhardsen sa ein gong at det å bli politikar er ikkje noko du kan planlegge. Det er noko du blir. Eg er einig i det. Og for dei fleste er det tilfeldig. Det viktige er at ein gjere det beste ut av dei oppgåvene ein får å løysa. Og så må ein ta vare på verdiane i det nære. Det er dei folka du har rundt deg som er viktigast - at du ser det store i det det små - det merkar eg ekstra godt når eg nå er ramma av sjukdom.»

